

Flott start på terrengløpskarusellen!

08.04.2015



Amund, Petter, Andre, William, Linnea, Sigrí, Malena, Ingrid, Karoline og Sivert jublar etter flott innsats i 7, 8 og 9 års-klassen

NO ER RESULTATA LAGT UT.

Første løp i Kvinnheradskarusellen i terrengløp 2015 vart arrangert på Husnes i kveld. Det vart ein flott start på dette samarbeidsprosjektet som vart restarta i fjor. Det er kveldens tilskipar IL Trio som står bak dette tiltaket saman med IL Ternen, Herøysund IL og Uskedal IL. Det var svært god deltaking, og om lag 25 av løparane kom frå UIL.



[Linnea vert gratulert av pappa, Knut Johannes, etter eit strålende løp.](#)

Løypene gjekk i området rundt Husnes idrettspark med eit av dei finaste friidrettsanlegga i landet. Løypelengdene var tilpassa aldersgruppene, og dei varierte frå 350m for dei yngste og opptil 2745m for seniorane. Verforholda var heilt ideelle med opphaldsver og behageleg vårtemperatur på 10-12 grader. Løparane viste flott idrettsglede og mange svært gode prestasjonar. Det er tydeleg at dei likar å møtast til slike tevlingar, stemninga både før og etter dei hadde sprunge var tydelege bevis på det. I tillegg til dei 4 nemnde samarbeidslaga var det også deltakarar frå Matre IL og Rosendal TL.

Tysnes sparebank sponsar Kvinnheradkarusellen med premiar i 3 år. Til vederlag har dei 4 arrangørlaga samarbeidd om eit dugnadsprosjekt der dei distribuerte flygeblad for banken som nyleg har etablert seg i Kvinnherad.

IL Trio kan sjå tilbake på eit flott arrangement. Neste onsdag er det nytt løp med start ved Handeland Gard. Veka etter er det løp i Herøysundet på onsdagen før karusellen vert avslutta med Spar-løpet her i Uskedalen laurdag 25.april kl.13.00.

Fullstendig resultatliste og fleire bilete vil de finna på [UIL si heimeside](#).



Tett i tett. Jenter i klasse 8 og 9 år på startstreken. Lurt å halda seg for øyrene når startskotet smell!



Topptente gutar i klasse 8 og 9 år klar til start.



Humøret på topp hos Emma, Anna Elisabeth, Andrea, Thea, Hanna, Amalie og Saima før løpet der dei dominerte i sine klassar. Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.